

Møteinnkalling

Møtedato: 26.09.2014
Møtestad: Hyllestad kommunehus
Møtetid: Kl. 10:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: ah@sekom.no](mailto:ah@sekom.no)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
017/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/14	Skriv og meldingar
019/14	Forvaltning av personalreglement
020/14	Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014
021/14	Reglement for kontrollutvalet
022/14	Budsjett for kontrollutvalet 2015
023/14	Oppfølgingsliste 3 - 2014
024/14	Eventuelt

Med helsing

Håkon S Giil
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hyllestad kontrollutval	Møtedato 26.09.2014	Saksnr 017/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/160
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hyllestad kontrollutval	Møtedato 26.09.2014	Saksnr 018/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1413	Arkivsaknr.: 14/86
---	-------------------------------------	------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.07.2014	Revisjonsrapport - Tenesteanalyse av pleie og omsorg handsama i kommunestyresak 28 dato 260614	95
12.09.2014	Notat frå KU leiar til ordførar og rådmann om sakshandsaming	450


Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

...

Saksutgreiing:



SAKSGANG		
Utval, styre m.v.	Møtedato	Saksnr.
Hyllestad kommunestyre	26.06.2014	028/14
Sakshandsamar: Bente Nesse	Arkivkode: K2-F00	Arkivsaknr. 14/104

Revisjonsrapport - Tenesteanalyse av pleie og omsorg

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret ser revisjonsrapporten «Tenesteanalyse av pleie og omsorg i Hyllestad kommune» som eit godt grunnlag for politisk og administrativ handsaming og eit viktig grunnlagsdokument ved planlegging, budsjettering og oppfølging av pleie og omsorgsektoren i Hyllestad kommune.

26.06.2014 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

KOMM-028/14 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret ser revisjonsrapporten «Tenesteanalyse av pleie og omsorg i Hyllestad kommune» som eit godt grunnlag for politisk og administrativ handsaming og eit viktig grunnlagsdokument ved planlegging, budsjettering og oppfølging av pleie og omsorgsektoren i Hyllestad kommune.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
7	I	24.03.2014	Sekom	Sak 07/14 frå kontrollutvalet i Hyllestad til kommunestyret

SAKSUTGREIING:

Denne rapporten er ein såkalla tenesteanalyse der ressursbruken innan tenestekområdet PLO i Hyllestad i perioden 2010-2012 er skildra gjennom statistikk henta frå m.a. KOSTRA og

IPLOS. Hyllestad er i figurane i rapporten samanlikna med Solund, Bremanger, Askvoll, Kostragruppe 5, fylket og landssnittet.

Denne rapporten er ein revisjonsrapport. Ordinært er det forvaltningsrevisjonsrapportar som vert utarbeidd på tingingar frå kontrollutvalet. Tingsingsdokumentet for denne spesifikke revisjonen er opphavleg også tinging av forvaltningsrevisjon. Kryss revisjon meldte 03.11.13 at datagrunnlaget som skal analyserast – innrapporterte tal frå kommunen som grunnlag for KOSTRA/IPLOS, er av ein slik karakter at ein ikkje utan vidare kan seie at desse kjeldene som grunnlag for såkalla revisjonskriterium er autoritative. Dette er eit krav etter RSK 001 (Standard for Forvaltningsrevisjon) om rapporten skal ha status som forvaltningsrevisjonsrapport.

At rapporten ber overskrifta revisjonsrapport, og ikkje forvaltningsrevisjonsrapport, har inegn særleg betydning for verdien av rapporten og kommunen sin bruk av den.

Metodisk ligg revisjonsrapporten tett opp til standarden KS (gjennom KS – Effektiviseringsnettverkene) nyttar for utarbeiding av såkalla "tenesteanalysar" i kommunal forvaltning i Noreg. Datagrunnlaget for analysen er stort, og kommunale pleie- og omsorgstenester utgjer ein komplisert og samansett meny, og kommunar har ulik vekting og samansetjing av tenester.

Noko av intensjonen med denne revisjonsrapporten og utarbeidinga av tenesteanalysen, er at kommunen sine politikarar og administrasjon får eit statistisk oversyn over status innan PLO i Hyllestad kommune. Dette kan så danne basis for dialog og arbeid med funna frå rapporten, som ledd i å finne forbettringsområde og tiltak/endingar som bør følgjast opp.

Det er viktig å understreke at presentasjon og tolking av statistikk, som denne revisjonsrapporten er, ikkje åleine kan gje eit samla bilete av den faktiske stoda innan PLO i Hyllestad. Dei ansvarlege for tenesta i kommunen vil kunne gje eit kompletterande og utdjupande bilete, "dei kjenner best kor skoen trykkjer", basert på erfaring frå drifta over tid.

Rapporten er handsama i kontrollutvalet som gjer framlegg til kommunestyret. Det er gjeve tilsvar frå PLO i Hyllestad kommune samt at rådmann har gjeve sine kommentarar.

Kontrollutvalsleiar Håkon S. Giil,

Tel. 57789445/97586828,

Mail giil@online.no,

Adr. 6958 Sørbøvåg.

NOTAT

Til ordførar Jan-Olav Gjerde og rådmann Bente Nesse.

SAKSHANDSAMING NÅR DET GJELD SAKER FRÅ KONTROLLUTVALET

Eg viser til at kontrollutvalet etter lov og føresegn er direkte underlagt kommunestyret og har sitt eige sekretariat. Dette medfører at kontrollutvalet innstiller til vedtak i kommunestyret. Ein ser likeins grunn til å presisere at «kontrollutvalet kjenner berre rådmannen». Dette er likevel ikkje til hinder for at rådmannen kan late seg representere gjennom ein tenestemann/einingsleiar om han det ynskjer. Han har også ein rett til å uttale seg, og hans uttale skal fylgje saka dersom denne er skriftleg,. Når det gjeld tilsynsområde, er det ikkje gjort unntak for utval, nemnder eller politisk tillitsvalde.

I sak 07.14 Revisjonsrapport: Tenesteanalyse av pleie og omsorg, har kontrollutvalet gjort eit vedtak som er å sjå som ei tilråding til kommunestyret, berre med endringa «Kommunestyret ser revisjonsrapporten ---». Gjennom såleis å slutte seg til hovudinnhaldet i rapporten, har ein dermed gitt sin tilslutnad til at denne rapporten kan handsamast i kommunestyret. Dersom kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet si tilråding, vert spørsmålet om vidare oppfølging ei sak mellom kommunestyret og administrasjonen. Nokre milestolpar i dette arbeidet er nemnde i tilrådinga, men kontrollutvalet har valt å ikkje gå i detalj her. Rådmannen sin uttale fylgjer som tillegg, og kommunestyret har fullt høve til å ta inn element frå denne dersom ein det ynskjer. Poenget er at på dette stadiet vil det vere uvanleg med ei administrativ handsaming i tillegg til det som alt føreligg frå kontrollutvalet.

I sak 12.14 Forvaltning av personalreglement i i Hyllestad kommune ligg det på same måte føre ei saksutgreiing og eit framlegg til vedtak. Rådmannen sin uttale fylgjer også her som vedlegg. Det irregulære i denne saka er at administrasjonen har utarbeidd ei tilråding til administrasjonsutvalet, og saka er handsama der. Eg har merka meg at etter at saka fyrst var førd opp på saklista til formannskapet, vart ho trekt, og oppfattar det som eit korrekt tiltak.

Slik saka no ligg føre, ser eg det som naturleg at administrasjonsutvalet si handsaming, på same vis som uttalen frå rådmannen, fylgjer saka som vedlegg. Saka vert difor trekt frå

kommunestyret, slik at kontrollutvalet får høve til å vurdere også dette saksdokumentet før saka vert fremja i kommunestyret.

Eg har elles merka meg at frå administrasjonen si side har det framkome synspunkt på at vedkommande lokallagsleiar i eit politisk parti/tilsett i kommunen har teke saka opp med kontrollutvalet. På det grunnlaget vil eg presisere at ein tenestemann, politiskar eller busett i Hyllestad til eikvar tid har ein legitim rett til å komme med innspel eller komme med førespurnader til kontrollutvalet. Tilsette i kommunen har vidare rett til å varsle kontrollutvalet dersom dei meiner det føreligg kritikkverdige tilhøve. Kontrollutvalet har på si side ein sjølvstendig rett til på eige initiativ å ta opp saker eller setje i verk utgreiingar, granskingar eller høyringar. Kommunen har plikt til å leggje til rette for varsling av kritikkverdige tilhøve, og den som tek opp saker eller varslar kontrollutvalet har rett til vern mot gjengjelding. Dersom synspunkt frå administrasjonen vedkommande tenestemannen sin kontakt med kontrollutvalet har kome vedkommande for øyre, føreligg det ein fare for at dette kan oppfattast som ei form for gjengjelding. Men eg ser dette som avhengig av forma synspunkta har fått, korleis dei eventuelt er fylgde opp og korleis desse er blitt oppfatta av vedkommande tenestemann.

Som nemnt vert saka etter omstenda no trekt og fremja på nytt etter at kontrollutvalet har vurdert også handsaminga/uttalen/tillegget frå administrasjonsutvalet.

Sørbøvåg, 10. juni 2014.

Vennleg helsing

Håkon S. Giil,

kontrollutvalsleiar

Kopi: Sekom-sekretariatet ved Audhild Ragni Vie Alme

Kontrollutvalet i Hyllestad.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hyllestad kontrollutval	Møtedato 26.09.2014	Saksnr 019/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Håkon S Giil	Arkiv: FE-400, Komnr-1413	Arkivsaknr.: 14/214
---------------------------------------	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltning av personalreglement

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.09.2014	Hyllestad Administrasjonsutvalet si handsaming av forvaltning av personalreglementet	454
18.09.2014	Hyllestad Formannskapssak om forvaltning av personalreglement (L)(634) Vedlegga	487

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret)

Hyllestad kommunestyre tek rapporten frå kontrollutvalet til etterretning.

...

Saksutgreiing:

Utgreiing til møte den 6.5.14 og 26.9.14 ved kontrollutvalsleiar Håkon S Giil:

Kontrollutvalet sitt møte 6.5.14:

Tilråding frå utvalsleiar til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet viser til at ein med grunnlag i det generelle regelverket administrativt har avsege ein søknad frå tilsett om tenestefri slik at ein som gruppeleiar og leiar i eit lokalt politisk parti ved eitt høve ikkje har kunna møte og ta del i partipolitisk arbeid på fylkesnivå.
2. Kontrollutvalet legg til grunn at denne konkrete saka er formelt avslutta, men etter omstenda bør søknaden vurderast prinsipielt og då i eit vidare perspektiv.
3. Retten til demokratisk deltaking i ein organisasjon er ein vedteken menneskerett, og politiske parti er eksplisitt nemnd i grunnlova som ein del av vårt demokratiske styresett. Gjennom nektinga av tenestefri er vedkommande gruppeleiar og lokallagsleiar hindra i å gjere bruk av denne demokratiske retten.
4. Kontrollutvalet legg til grunn at Hyllestad kommune har ein nedervd praksis, ein sedvane med å gje tenestefri i høve som nemnt i punkt ein og tre, som i alle høve kan fylgjast tilbake til 1981. Kontrollutvalet finn det godtgjort at dette i utgangspunktet er ein sedvane som har vore uformelt politisk klarert og deretter har nedfelt seg i forvaltninga i meir enn 30 år.

5. *Kontrollutvalet føreset at ein politisk sedvane ikkje kan eller bør endrast gjennom eit administrativt vedtak.*

Kontrollutvalet sitt vedtak:

1. *Kontrollutvalet viser til at ein med grunnlag i det generelle regelverket administrativt har avslege ein søknad frå tilsett om tenestefri slik at ein som gruppeleiar og leiar i eit lokalt politisk parti ved eitt høve ikkje har kunna møte og ta del i partipolitisk arbeid på fylkesnivå.*
2. *Kontrollutvalet legg til grunn at denne konkrete saka er formelt avslutta, men etter omstenda bør søknaden vurderast prinsipielt og då i eit vidare perspektiv.*
3. *Retten til demokratisk deltaking i ein organisasjon er ein vedteken menneskerett, og politiske parti er eksplisitt nemnd i grunnlova som ein del av vårt demokratiske styresett. Gjennom nektinga av tenestefri er vedkommande gruppeleiar og lokallagsleiar hindra i å gjere bruk av denne demokratiske retten.*
4. *Kontrollutvalet legg til grunn at Hyllestad kommune har ein nedervd praksis, ein sedvane med å gje tenestefri i høve som nemnt i punkt ein og tre, som i alle høve kan fylgjast tilbake til 1981. Kontrollutvalet finn det godtgjort at dette i utgangspunktet er ein sedvane som har vore uformelt politisk klarert og deretter har nedfelt seg i forvaltninga i meir enn 30 år.*
5. *Kontrollutvalet føreset at ein politisk sedvane ikkje kan eller bør endrast gjennom eit administrativt vedtak.*

INNLEIING – KVA SAKA GJELD

Kontrollutvalet har innhenta dokumentasjon for på prinsipielt grunnlag å kunne drøfte tenestefri for å kunne ivareta verv/oppgåver i politiske parti. Saka vert handsama med tilvising til føresegna for kontrollutval, § 4, fyrste lekken.

Saksopplysningar:

Morten Askvik har sendt brev datert 07.03.2014 til SEKOM og kontrollutvalet i Hyllestad, i samband med at han ikkje fekk permisjon frå arbeidet sitt ved Hyllestad skule for å ivareta oppgåvene sine som lokallagsleiar og gruppeleiar på årsmøtet til Senterpartiet i Sogn og Fjordane.

Brevet vart lagt fram som meldingssak SM 07-14 i kontrollutvalet 21.03.2014 sak 02/14, der det vart gjort følgjande vedtak:

SM 07-14 Brev datert 7.3.2014 frå Morten Askvik vert oversendt til ordførar/rådmann for mogleg uttale før eventuell handsaming i kontrollutvalet på prinsipielt grunnlag.

Dette vart sendt til Hyllestad kommune som vedlegg til e-post datert 24.3.2014.

Hyllestad kommune har i svarbrev datert 07.04.2014 kome med ei utgreiing om deira handtering av Askvik sin permisjonssøknad.

Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan, men skal føre kontroll og tilsyn med den kommunale forvaltninga, jfr § 4 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Denne konkrete saka vert oppfatta som endeleg avgjort, men kontrollutvalet vurderer dei prinsipielle sidene ved henne. Ved denne vurderinga er det naudsynt å referere til denne konkrete saka, tidlegare praksis og regelverk som ligg utanfor Hyllestad kommune sitt avgjerdsmynde.

SEKRETARIATET/SAKSHANDSAMAR SINE VURDERINGAR:

Skulen/rådmannen sitt vedtak om å nekte Morten Askvik tenestefri/velferdspermisjon i denne konkrete saka er som ei ordinær velferdspermisjonssak ikkje i strid med lokalt reglement eller avtaleverk. Men saka har eit vidare perspektiv. Ho gjeld politikarar sine moglegheiter for å ivareta sine oppgåver i vårt demokratiske styresett, det vere seg oppgåver i kommunale organ til liks med oppgåver som fylgjer av val som gruppeleiar og leiar av eit lokalt partilag.

Saka har eit bakteppe. På kommunestyremøtet 20. februar møtte berre 4 av Senterpartiet sine fem medlemmer i kommunestyret. Ein har fått opplyst at administrativt brukte ein lang tid på å finne ut av regelverket, om den innkalla vararepresentanten skulle få tenestefri for å møte. Og då «søknaden» vart imøtekomen, var det så

nær inn på møtetida at vararepresentanten etter eiga vurdering valde å ikkje møte. Reelt sett er elles slike søknader å sjå som «meldingar», noko ein og har praksis for i kommunen. Ein har og fått opplyst at vedkommande vararepresentant i samtale med skuleleiinga følte seg ansvarleggjord for dei problema for skulen si drift som ville oppstå dersom vararepresentanten møtte. Ein konsekvens vart under alle omstende at kommunestyret ikkje var fulltallig då møtet vart sett. Ein har og fått opplyst at også tidlegare har det vore problem med tenestefri for å kunne møte på kommunestyremøte. Ein er ikkje kjend med at det har vore slike problem i andre delar av den kommunale forvaltninga.

Saka vart teken opp på kommunestyremøtet, der det vart vist til kommunelova § 40 som kategorisk slår fast at ein som er innkalla har rett og plikt til å møte. Ein har merka seg at i ettertid har administrasjonen vore heilt klår på retten og plikta til å møte, jf. brev av 07.04.2014 frå administrasjonen til kontrollutvalet.

Når det gjeld årsmøtet, som er bakgrunnen for den konkrete saka med nekting av tenestefri, har ein fått opplyst at også ein annan tilsett var årsmøtevald utsending til fylkesårsmøtet, men fekk avslag på søknaden om tenestefri. Dette avslaget er ikkje formelt grunnlag for denne vurderinga, men også slike søknader må for framtida vurderast utifrå ei prinsipiell vurdering.

Det er ikkje fullt ut samsvar mellom saksframstillingane i brevet frå permisjonssøkjaren og brevet frå administrasjonen. Det er heller ikkje fullt samsvar mellom saksframstillinga i brevet frå administrasjonen og opplysninga rådmannen gav i kontrollutvalet sitt møte den 21. mars der det vart opplyst at dersom Morten Askvik hadde meldt seg på sensorkurs, ville han fått undervisningsfri. Bortsett frå sensorkurset, ser ein elles ikkje særskilde tilhøve som skulle tilseie tenestefrinekting. Ein finn elles ikkje grunnlag for å gå nærare inn på dei saklege omstenda. Framtida og det prinsipielle ved saka er det viktigaste, og saka må som nemnt vurderast i eit overordna perspektiv og i lys av sedvane.

Retten til å delta politisk i samfunnet er nedfelt i SN si menneskerettsfråsegn. I denne ligg retten til fritt å kunne delta i møte som organisasjonar skipar til (med atterhald om at dei er fredelege). Det er og verd å merke seg at politiske parti er nemnt i Grunnlova som ein del av vårt demokratiske styringssystem. Det kommunale sjølvstyret er derimot ikkje grunnlovsfesta sjølv om vi har hatt formannskapslovene sidan 1837. I Grunnlova er det elles presisert at styresmaktene har ei plikt til «at respektere og sikre Menneskerettighetene». Konklusjonen er at politiske parti har ein viktig funksjon etter menneskerettane og etter Grunnlova. Momentet, nemnt i skrivet frå administrasjonen, at det er frivillig å vere med i politiske parti og difor kan ein nektast permisjon, saknar heimel i lov. Det er og feil når det vert hevda at «Eit offentleg verv/oppdrag er eit verv ein ikkje kan reservere seg mot». På visse vilkår kan ein det.

Sedvane er å oppfatte som ein ulovfesta rett. Det mest kjende eksemplet er parlamentarismen som har fungert sidan 1884. Det føreligg opplysningar om ein sedvane på området tenestefri for deltaking i politisk verksemd. Ein kan såleis fylgje Hyllestad kommune sin praksis på området frå 1981 og fram til i dag. I denne tida har Hyllestad-politikarar vore representerte i politiske parti sine årlege fylkesårsmøte, ein har hatt fylkesleiarar som har delteke i landsstyre og på landsmøte. Og dei har gjort det etter å ha fått stetta søknaden om tenestefri og utan godtgjersle for tapt arbeidsforteneste. På eit tidleg tidspunkt av sedvanen, hadde ein i formannskapet uformelle drøftingar kring spørsmålet – i kva grad skulle ein medverke til at kommunalt tilsette fekk høve til å skjøtte sine plikter i politiske organisasjonar. Formannskapa har, etter det som er kjent, vore klare i sitt syn, og så langt ein kjenner til har ordførarar sett til at denne sedvanen har vorte etterlevd. Etter det ein forstår, har denne sedvanen vorte oppfatta som så sjølvsgd og så innarbeidd at han ikkje har vore tema dei seinaste valbolkane. Det kan leggjast til at med unntak av ordføraren sin representasjon på politiske møte, har det heile tida vore spørsmål om tenestefri utan løn. Grunngevinga har så langt ein kan sjå vore at deltaking i partimøte er ein viktig samfunnsinnsats og av stor verdi for Hyllestad kommune.

Så har det nok førekomme at det etter eige val har vorte for vanskeleg for ein politisk tillitsvald å møte på eit partimøte. Det er ikkje tema her. Viktigare er det at når deltaking på eit sensorkurs vert vurdert som viktigare enn at det lokale partiet og kommunestyregruppa sin fremste tillitsvalde får høve til å møte i fylkets høgste, styrande organ, så fortel dette at politisk arbeid frå administrasjonen si side ikkje vert vurdert særleg viktig. Dette har vore styrande for avgjerda. Ein har fått opplyst at Senterpartiet i Sogn og Fjordane aldri før har opplevd permisjonsnekt i offentleg verksemd som grunnlag for avbod på møta sine.

Ein konklusjon bør vere at permisjonsnekt for å skjøtte sine oppgåver som demokratisk vald representant for eit politisk parti i Hyllestad, med god grunn kan seiast å vere i strid med internasjonale menneskerettar, Grunnlova

Ny handsaming i kontrollutvalsmøte 26.09.2014.

Kva saka gjeld:

Etter at saka var ferdighandsama frå kontrollutvalet si side og låg til handsaming i kommunestyret, fekk utvalsleiar kjennskap til at saka vart føresett handsama i administrasjonsutvalet og formannskapet, med alternative innstillingar til vedtak derfrå. Administrasjonsutvalet gjorde sitt vedtak 23. mai sak 006/14, men då saka kom til handsaming i formannskapet, sak 035/14, vart saka trekt. Under administrasjonsutvalet si handsaming, vart ein så langt ein kan sjå, ved ein inkurie ikkje gjort kjend med saksutgreiinga frå kontrollutvalet si handsaming, berre utskrifta av møteboka der sjølve saksutgreiinga ikkje er med. Administrasjonsutvalet hadde såleis eit mangelfullt avgjerdsgrunnlag, då det gjorde sitt vedtak i saka.

Før handsaminga i kontrollutvalet, den 23.05, leverte sentraladministrasjonen, som før nemnt, si utgreiing dagsett 07.04. Ei innvending kan vere at rådmannen si påskrift mangla, men ein fekk forståinga at dette var på vegner av rådmannen, og godtok dette. Ein viser elles til utgreiinga nedanfor, og peikar på at etter omstenda har ein valt å sjå saksutgreiinga til administrasjonsutvalet som ei tilleggsutgreiing frå rådmannen, som dermed fylgjer saka.

Det skal og nemnast at ordføraren er gitt høve til å komme med si utgreiing, ein rett han ikkje har gjort seg nytte av, noko han heller ikkje har plikt til.

Etter at kontrollutvalsleiaren vart merksam på handsaminga i administrasjonsutvalet, sende han den 10. juni eit notat til rådmann Bente Nesse og ordførar Jan Olav Gjerde, eit notat vedkommande sakshandsaming når det gjeld saker frå kontrollutvalet, og trekte saka frå kommunestyret slik at kontrollutvalet får høve til å vurdere saksutgreiinga og vedtaket i administrasjonsutvalet før saka vert førelagd kommunestyret. Dette vart teke til fylgje. Med grunnlag i administrasjonen si utgreiing og tilråding til vedtak i adm.sak 006/14, ser ein det som føremålstenleg med ei meir omfattande saksutgreiing til kontrollutvalet si nye handsaming enn ein før meinte var naudsynt.

Utviklinga i saka har vist at det kan vere føremålstenleg med ei gjennomgåing av kontrollutvalet sine oppgåver. Ein tillet seg å begynne med å sitere frå lovførearbeida ved innføringa av kontrollutval: «Kontrollutvalet sine oppgåver ligg i funksjonen som tilsyns- og kontrollorgan. Dette inneber at dette organet skal påsjå at organisasjon, saksførebuing og beslutningsprosess i dei politiske organ og organisasjonen fungerer på ein måte som garanterer oppfylling av alle faglege krav og ivaretek grunnleggjande rettssikkerheitsomsyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som blir berørt av vedtaka». Ein viser og til kommunelova §77. punkt 6 sålydande: «Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. Før en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget, skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse.

Etter omstenda/utviklinga i saka ser ein at det kan vere føremålstenleg å summere opp nokre av kontrollutvalet sine oppgåver. At dette har fått form av ti bod, er i utgangspunktet ikkje tilsikta.

1. Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, og skal ikkje overprøve vedtak i utval råd og nemnder. Nyval kan føretakast i valperioden.
2. Kontrollutvalet er ikkje nokon ankeinstans, men det er kommunestyret sitt tilsynsorgan, og kan ta opp og prøve alle sider ved ei sak, og eventuelt fremje dei for kommunestyret.
3. Innspel/framlegg i høve til innstillinga skal fremjast direkte i kommunestyret.
4. Alle innbyggjarar i Hyllestad, tilsette og politikarar har rett til å melde spørsmål og saker som kontrollutvalet etter lov og regelverk kan gå vidare med. Vedkommande skal ikkje risikere tiltak eller represaliar av noko slag.
5. Kontrollutvalet «kjenner berre rådmannen». Han har rett og plikt til å gje uttale i saker som kontrollutvalet handsamar. I den grad ein ynskjer å få sakshandsamarar eller tilsette i tale, har ein høve til å kalle desse inn.
6. Kontrollutvalet har mellom anna som oppgåve å signalisere kva som er akseptable rammer og normer blant politikarar og tilsette.
7. Kontrollutvalet skal ha ein førebyggjande funksjon og medverke til kvalitetsheving.
8. Kontrollutvalet skal vere eit korrektiv i kvardagen.
9. Kontrollutvalet skal fylgje administrasjonen sitt arbeid med eit vake og kritisk auge.
10. Av dei politiske instansar som har vore involverte i denne saka, fører kontrollutvalet på vegner av kommunestyret også tilsyn med ordføraren, administrasjonsutvalet og formannskapet.

Vurdering:

Ein kan ikkje sjå at det er heimel eller sedvane for å ta kontrollutvalet sine innstillingar opp til handsaming i råd og utval. Ein tolkar det slik at denne erkjenninga låg til grunn for at saka vart trekt i formannskapet. Vedtaket i administrasjonsutvalet vert difor i denne saka å sjå som ikkje gjeldande, men administrasjonen si utgreiing vert å sjå som ei tilleggsutgreiing i høve til rådmannen sin uttale før kontrollutvalet gjorde vedtaket sitt, og vert difor lagt på saka. Ein finn grunn til å minne om at saka er teken opp og vert handsama på prinsipielt grunnlag. Kontrollutvalet vart ikkje orientert om at det vart lagt opp til å handsame innstillinga frå kontrollutvalet i administrasjonsutvalet.

Utfrå dei skisserte oppgåvene ovanfor finn ein det føremålstenleg å gå inn på nokre av momenta i administrasjonen si saksutgreiing. Her vert kontrollutvalet sitt utgangspunkt referert, permisjonssaka er avslutta og at ein ynskjer ei prinsipiell vurdering av saka. Så langt ein kan sjå, har ein teke utgangspunkt i kontrollutvalet si møteboka, og saksutgreiinga som ligg til grunn for kontrollutvalsvedtaket er ikkje lagt til grunn eller gjort kjent. Avgjerdsgrunnlaget for administrasjonsutvalet er såleis å sjå som mangelfullt. Det blir feil når saksutgreiinga til kontrollutvalet manglar, og ein ikkje får høve til å vurdere kontrollutvalet sine premisser og grunngjevingar. Til ein viss grad skaper dette og motsetnader som det ikkje er sakleg grunnlag for.

Ein kan leggje til at dersom utgangspunktet er at det ein har gjort er utan feil og lyte, er ein lite mottakeleg for korrektiv og det er lite rom for forbetringar. Administrasjonsutvalet er underlagt kontrollutvalet sitt tilsynsområde, og når ein administrativt legg opp til å vere «sin eigen sensor», er det ikkje uventa at ein får godt skussmål. Sakshandsaminga her kan sjåast

som eit forsøk på å samle politisk støtte for å unndra seg kontrollutvalet sitt tilsyn.

I høve til administrasjonen si saksutgreiing til administrasjonsutvalet skal det presiserast at kontrollutvalet ikkje har teke til orde for at personalreglementet skal/treng endrast. Det sentrale for kontrollutvalet har vore utøvinga av skjønnet. Det må såleis tydelegvis repeterast og presiserast at når det gjeld mellom anna gruppeleiarar i kommunestyret og leiarar i politiske parti på kommunalt og fylkespolitisk nivå har dette skjønnet vore praktisert på fullnøydande vis så langt ein kan rekkje spora tilbake i tid, fram til denne permisjonsnektinga.

Kontrollutvalet har påvist at når det gjeld tenestefri for sentrale politikarar for å skjøtte politiske verv, så føreligg det ein politisk klarert sedvane som kan rekkjast attende til 1981, og gjort grundig greie for denne. Administrasjonen kjenner ikkje til denne sedvanen, det har ein ingen merknad til. Men administrasjonen har hatt tid på seg til å undersøke og eventuelt dokumentere at ein slik sedvane ikkje finst. Slik dokumentasjon er ikkje lagd fram. Indirekte har såleis administrasjonen styrka kontrollutvalet si påvising av sedvane.

Kontrollutvalet har i saksutgreiinga til møtet 06.05 vist til at denne saka har eit bakteppe ved at ein administrativt tidlegare har nektat permisjon også for kommunestyremedlemmer. Sakene er ulike, men med den korte avstanden i tid som var frå nemnde kommunestyremøte til fylkesårsmøtet, burde denne tanken ha meldt seg at overfor politikarane kan denne permisjonsnekten tolkast som ei «takk for sist». Under alle omstende kan ein konstatere at for fyrste gong i den tid ein kan fylgje tilbake, har ein brukt permisjonsnekt for å hindre ein folkevald gruppeleiar i å utøve si plikt og sin demokratiske rett på eit fylkesårsmøte, der mellom anna førebuingane til ein ny valbolk stod sentralt.

Kontrollutvalet ved leiaren er kjend med at vedkommande politikar vart innkalla til møte med personalsjefen og rådmannen etter han sende brev til kontrollutvalet. Ein bør ha forståing for at vedkommande politikar venteleg oppfatta dette som «å bli kalla inn på teppet», noko som etter omstenda av vedkommande politikar kan oppfattast som tiltak eller kanskje represalier. I så fall er dette ikkje i samsvar med god forvaltningsskikk.

Ein er og kjend med at rådmannen har framsett kritikk for at vedkommande politikar tok opp saka med kontrollutvalet i staden for å fremje si sak på anna vis. Dette er å sjå som eit administrativt feilsteg. Rådmannen må få ha sine meiningar, men einkvar borgar i Hyllestad har rett til å ta opp eller melde saker til kontrollutvalet. Dette gjeld naturleg nok også tilsette og politikarar. Når spørsmålet eller saka er meldt til kontrollutvalet, vurderer kontrollutvalet saka vidare, og rådmannen har sin rett til å gje uttrykk for si vurdering i sin uttale som fylgjer saka.

I administrasjonen sitt framlegg til vedtak er ikkje tilhøvet til menneskerettane og overordna lovverk med. I saksutgreiinga tilrår ein at kommunestyre bør «drøfte om slike rettar i forhold til permisjonsnekt skal gå framom rettar ein tilsett har til arbeidsplikt». Dette kan tolkast som om administrasjonen og kommunestyret har høve til å fristille seg frå menneskerettar og overordna lovverk, i dette høvet Grunnlova.

Til slutt tillet ein seg å nemne at i fylgje Kommunal Rapport 11.09.2014 unnlet nesten halvparten av norske arbeidstakarar å varsle om kritikkverdige forhold dei meinte var

alvorleg, mange grunna ofte for represaliar. Og politikarane skal kanskje vere noko meir hardhuda enn folk flest. Ein har likevel inntrykk av at belastninga for vedkommande politikar i ettertid av brevet til kontrollutvalet har vore uforsvarleg høg. Ein har og grunnlag for å meine at administrasjonen har pålagt seg sjølv uforsvarleg mykje arbeid med denne saka. At det også har skaffa utvalsleiaren mykje arbeid, skal derimot ikkje lastast administrasjonen. Kontrollutvalsleiaren har sett oppfylginga av denne prosessen som ein del av oppgåva si. Ein held fast ved at ein har konsentrert seg om dei prinsipielle sidene ved saka.

Til slutt skal det strekast under at kontrollutvalsleiaren har hatt ryddige samtalar med ordførar Jan Olav Gjerde og rådmann Bente Nesse. Etter omstenda finn ein i ettertid at prosessen kanskje har vore like viktig som saka ein tok utgangspunkt i. Det tidlegare framlegget til vedtak er såleis ikkje lenger dekkande for saka. Utvalsleiaren har fått løyve til å sitere rådmann Bente Nesse på fylgjande: «Kanskje var denne saka likevel godt for noko».

I lys av den samla saksutgreiinga, herunder og momenta i førre avsnittet held ein ikkje fast på tidlegare kontrollutvalsvedtak, men fremjar nytt framlegg til innstilling i saka.



SAKSGANG		
Utval, styre m.v.	Møtedato	Saksnr.
Administrasjonsutvalet	23.05.2014	006/14
Hyllestad formannskap	23.05.2014	035/14
Hyllestad kommunestyre	26.06.2014	
Sakshandsamar: Elin Garnes Solås	Arkivkode: K1-400	Arkivsaknr. 14/273

Forvaltning av personalreglementet

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek at:

- 1) Administrasjonen har gjort vedtak i tråd med gjeldande reglement og delegerte fullmakter.
- 2) Kommunestyret forutset at administrasjonen si forvaltning er i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande avtalar og regelverk.
- 3) Hyllestad kommunestyre kjenner ikkje til at det er ein nedarva politisk sedvane om velferdspermisjon for deltaking i møter i politiske parti. Noverande reglement vert ikkje endra.

23.05.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordførar tok opp spørsmål om Morten Askvik var ugild.

Askvik vart funnen gild i og med at saka er ein prinsippdiskusjon.

Morten Askvik sette fram framlegg om å stryke prk. 3 i administrasjonen si tilråding.

Morten Askvik trekte så dette framlegget, og sette fram alternative framlegg til pkt. 3: «Administrasjonsutvalet tek kontrollutvalets vedtak til vitande».

Det vart røysta alternativt over administrasjonen sitt framlegg, og framlegget frå administrasjonen pkt. 1 – 2 og pkt. 3 frå Askvik.

Administrasjonen sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster, 2 røysta for Askvik sitt framlegg.

ADM1-006/14 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek at:

- 1) Administrasjonen har gjort vedtak i tråd med gjeldande reglement og delegerte fullmakter.

- 2) Kommunestyret forutset at administrasjonen si forvaltning er i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande avtalar og regelverk.
- 3) Hyllestad kommunestyre kjenner ikkje til at det er ein nedarva politisk sedvane om velferdspermisjon for deltaking i møter i politiske parti. Noverande reglement vert ikkje endra.

23.05.2014 HYLLESTAD FORMANNSKAP

FORM-035/14 VEDTAK:

Saka vart trekt frå sakslista og går direkte til kommunestyret.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	07.04.2014	Kontrollutvalet	Forvaltning av personalreglementet
3	I	12.05.2014	Kontrollutvalet	Sak 12/14 frå kontrollutvalet til kommunestyret
4	I	14.05.2014	Arnt Erik Fylkesmannen v/Nordheim	Kontrollutval, koml. § 77
1	I	15.05.2014	Kontrollutvalet	Brev oversendt frå kontrollutvalet i Hyllestad til ordførar/rådmann for uttale

IKKJE TRYKTE DOKUMENT:

-

AKTUELLE LOVER, FØRESEGNER, AVTALAR M.M.:

[Kommunelova kap. 12](#)

[Forskrift om kontrollutval i kommunen](#)

[Reglement for kontrollutvalet i Hyllestad kommune](#)

[Personalreglementet § 24.6.9](#)

KVA SAKA GJELD:

Bakgrunnen for saka er at ein tilsett ved skulen har fått avslag på søknad om permisjon i samband med årsmøte i eit politisk parti.

Kontrollutvalet har handsama saka, og konstanterer i sitt vedtak pkt. 2 at denne konkrete saka er avslutta, men dei ønskjer ei prinsippiel vurdering av saka. Saka vert difor fremja for politiske organ til handsaming.

SAKSUTGREIING:

Ein tilsett ved skulen hadde søkt om permisjon for å reise på eit årsmøte i eit politisk parti, og fekk avslag på søknaden sin. Avslaget er grunngjeve med i driftsmessige årsaker, då det var så pass mange andre på skulen som skulle vekk på kurs denne dagen. Viser til svar frå administrasjonen til kontrollutvalet for utdjuping av avslaget.

Søknaden vart handsama som ein ordinær velferdspermisjon. Eit politisk verv kan ikkje sidestillast med offentleg verv. Eit offentleg verv som gjev rett til fri jf. kommunelova er for valde medlemer i kommunestyret og kommunale organ/verv. Å bli folkevald er eit vanleg borgarplikt, viser til kommunelova om valgbarheit og plikt til å ta imot val.

Å vere medlem i eit politisk parti er frivillig handling, på line med idrettslag, ulike veldedige organisasjonar og liknande.

Utifrå kontrollutvalet sitt vedtak i sak 12/14 har dei vedteke at saka er avslutta, men dei ønskjer ei prinsippiel vurdering av saka.

VURDERING:

Ei prinsippiel vurdering av saka kan vere endring av § 24.6.9 i personalreglementet, eller eit tillegg til denne § eller kommentar/instruks frå kommunestyret til administrasjonen, innforbi gjeldande reglar.

Administrasjonen og det politiske nivå vil måtte forhalde seg til delegasjonane som er gjort.

Noverande § 24.6.9 seier at private gjeremål må så vidt mogleg leggst til fritida. Permisjon med løn kan innvilgast når det er naudsynt og der det er mogleg. § har nærare utdjuping i forhold til ulike velferdspermisjonar knytt til helse og velferd.

Kommunestyret kan vedta eit ekstra underpunkt som vil rett til fri for politiske verv uansett driftssituasjonen i dei ulike avdelingane. Dette vil vere gunstig for arbeidstakarane, men ugunstig for arbeidsgjevar som ikkje vil ha kontroll på fråværet og kan føre til situasjonar der ein er utan tilsette til å utføre arbeidsoppgåvene. På dei fleste arbeidsplassane, som t.d. skule, barnehage og omsorgstenestene, kan dette få store og alvorlege konsekvensar, i ytterste konsekvens fare for liv og helse. Ein før difor tenkje seg nøye om før ein innfører ein velferdspermisjon for politiske verv som ein rett som går føre andre rettar.

Kontrollutvalet hevdar at permisjonsnekt er i strid med menneskerettane, og kommunestyret bør kanskje drøfte om slike rettar i forhold til ein permisjonsnekt skal gå framom rettar ein tilsett har til arbeidsplikt. Dette bør kanskje òg vurderast opp mot elevane sin rett til undervisning, pasientrettar m.v.?

Hyllestad kommune bør ha ein forutsigbar praksis, og som utgangspunkt bør ein halde på noverande ordning der alle private gjeremål bør leggst til fritida. Dersom dette ikkje er mogleg bør ein vurdere byte av vakt, ta igjen timar og liknande, før ein vurderer permisjon med løn.

Fra: Nordheim, Arnt Erik
Sendt:
Til:
Kopi:
Emne: Kontrollutval, koml. § 77

Fra: Nordheim, Arnt Erik <fmsfaen@fylkesmannen.no>
Sendt: 14. mai 2014 13:39
Til: Solås Elin Garnes
Emne: Kontrollutval, koml. § 77

Vi viser til telefonsamtale i dag, 14. mai, som gjaldt spørsmål om korleis avgjerder og fråsegner frå kontrollutvaler skal handsamast.

Fylkesmannen si rolle er å rettleie om føresegnene i kommunelova. Følgjande orientering er gjeve på generelt grunnlag:

Kontrollutvalet sitt mandat går fram av kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta (FOR-2004-06-15-905), heretter forskrifta.

Kommunelova § 77 gjev ikkje kontrollutvalet nokon instruksjonsheimel overfor administrasjonen, utover retten til å krevje framlagt opplysningar, jf. koml. § 77 nr. 7. Utvalet kan heller ikkje overprøve lokalpolitiske prioriteringar, jf. forskrifta § 4 andre ledd.

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret, jf. koml. § 66 nr. 6. Før dette skjer skal saka leggjast fram for administrasjonen for uttale, jf. den same føresegna. Det blir deretter opp til kommunestyret å avgjere om rapporteringa gjev grunnlag for t.d. tiltak eller omprioriteringar, gjerne som ledd i budsjett- eller økonomiplanarbeid etter dei føresegnene som gjeld for dette.

Nærare føresegner om kor ofte rapporteringa frå kontrollutvalet skal skje, kan fastsetjast gjennom lokalt reglement (jf. koml. § 39 nr. 1). Som minstekrav gjeld m.a. føresegnene i forskrifta §§ 7 og 9 om fråsegn til årsrekneskapet og den årlege forvaltningsrevisjonen.

Dersom fråsegner frå kontrollutvalet gjev grunnlag for at ei sak skal takast opp på annan måte, dvs. utanom rapportering etter koml. § 77 nr. 6, må dette evt. skje på initiativ frå det organet som har avgjerd- eller instruksjonsmynde innanfor det aktuelle området. Det vil seie kommunestyret (§ 6) eller det organet som har delegert mynde. Det vert då i utgangspunktet opp til møteleiaren å ta stilling til om ei sak skal setjast på sakslista, jf. § 32 nr. 2 og § 25 nr. 4.

Vi vonar dette er til hjelp.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim
rådgjevar
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Arnt.Erik.Nordheim@fylkesmannen.no <<mailto:Arnt.Erik.Nordheim@fylkesmannen.no>>
Tlf: 57 64 31 68

12/14 Forvaltning av personalreglement i Hyllestad kommune

Sakshandsamar:	Håkon S. Giil
----------------	---------------

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Hyllestad	06.05.2014	12/14	Ja

Saksvedlegg:

Brev datert 7.3.2014 frå Morten Askvik. Sak: Permisjonsnekt i samband med årsmøtet Senterpartiet i Sogn og Fjordane.

E-post datert 24.03.2014 til Hyllestad kommunestyre, brev oversendt frå kontrollutvalet i Hyllestad til ordførar/rådmann for uttale.

Svarbrev datert 07.04.2014 frå Hyllestad kommune: Forvaltning av permisjonsreglementet.

Saksvedlegg (ikkje utsendt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Sak 02/14 Skriv og meldingar


Tilråding frå utvalsleiar til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet viser til at ein med grunnlag i det generelle regelverket administrativt har avslege ein søknad frå tilsett om tenestefri slik at ein som gruppeleiar og leiar i eit lokalt politisk parti ved eitt høve ikkje har kunna møte og ta del i partipolitisk arbeid på fylkesnivå.
2. Kontrollutvalet legg til grunn at denne konkrete saka er formelt avslutta, men etter omstenda bør søknaden vurderast prinsipielt og då i eit vidare perspektiv.
3. Retten til demokratisk deltaking i ein organisasjon er ein vedteken menneskerett, og politiske parti er eksplisitt nemnd i grunnlova som ein del av vårt demokratiske styresett. Gjennom nektinga av tenestefri er vedkommande gruppeleiar og lokallagsleiar hindra i å gjere bruk av denne demokratiske retten.
4. Kontrollutvalet legg til grunn at Hyllestad kommune har ein nedervd praksis, ein sedvane med å gje tenestefri i høve som nemnt i punkt ein og tre, som i alle høve kan fylgjast tilbake til 1981. Kontrollutvalet finn det godtgjort at dette i utgangspunktet er ein sedvane som har vore uformelt politisk klarert og deretter har nedfelt seg i forvaltninga i meir enn 30 år.
5. Kontrollutvalet føreset at ein politisk sedvane ikkje kan eller bør endrast gjennom eit administrativt vedtak.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til at ein med grunnlag i det generelle regelverket administrativt har avslege ein søknad frå tilsett om tenestefri slik at ein som gruppeleiar og leiar i eit lokalt politisk parti ved eitt høve ikkje har kunna møte og ta del i partipolitisk arbeid på fylkesnivå.

2. Kontrollutvalet legg til grunn at denne konkrete saka er formelt avslutta, men etter omstenda bør søknaden vurderast prinsipielt og då i eit vidare perspektiv.
3. Retten til demokratisk deltaking i ein organisasjon er ein vedteken menneskerett, og politiske parti er eksplisitt nemnd i grunnlova som ein del av vårt demokratiske styresett. Gjennom nektinga av tenestefri er vedkommande gruppeleiar og lokallagsleiar hindra i å gjere bruk av denne demokratiske retten.
4. Kontrollutvalet legg til grunn at Hyllestad kommune har ein nedervd praksis, ein sedvane med å gje tenestefri i høve som nemnt i punkt ein og tre, som i alle høve kan fylgjast tilbake til 1981. Kontrollutvalet finn det godtgjort at dette i utgangspunktet er ein sedvane som har vore uformelt politisk klarert og deretter har nedfelt seg i forvaltninga i meir enn 30 år.
5. Kontrollutvalet føreset at ein politisk sedvane ikkje kan eller bør endrast gjennom eit administrativt vedtak.



HYLLESTAD KOMMUNE

Sentraladministrasjonen

Kontrollutvalet

Vår ref.:
Arkivsaknr.: 14/273-2/ EGS
L.nr.: 14/2787

Dykkar ref.:

Arkivkode:
K1-400

Dato:
07.04.2014

Forvaltning av personalreglementet

Morten Askvik har sendt eit brev til SEKOM i samband med at han ikkje fekk innvilga permisjon som omsøkt for 28.2.2014 i samband med årsmøte i Senterpartiet. Brevet er oversendt Hyllestad kommune, med frist til 15.4.2014 for å gje ein uttale.

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å sikre at lov- og regelverk vert etterlevd i den kommunale forvaltninga (vedtektene § 3). Kontrollutvalet er ikkje klageorgan. Ein ev. tvist om rett til fri skal handsamast i tvisteløysingsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 12-14.

Arbeidstakarar som har offentlege verv med lovbestemt møteplikt har etter arbeidsmiljølova rett til fri for å delta på møter. Dette er regulert i arbeidsmiljølova § 12-13 og Hovudtariffavtalen kap. 1, § 14 pkt. 14.1. Bestemmingane omfattar alle medlemmer og varamedlemmer til statlege, fylkeskommunale og kommunale verv, styrer, råd m.v. der det er lovpålagt møteplikt (som t.d. kommunestyre, kommunale folkevalde organ, utsending vald av kommunestyret). I tillegg kjem teneste som rettsvitne, meddommar, jurymedlem og liknande.

Kommunelova § 40 regulerer folkevalde sine rettar og pliktar til å delta i møter i kommunale organ. Her heiter det at ein arbeidstakar har krav på fri frå arbeidet i det omgang dette er naudsynt på grunn av møteplikt i kommunale organ.

Eit politisk møte vert ikkje rekna som eit folkevald organ, og reglane i kommunelova gjeld ikkje denne aktuelle søknaden.

Arbeidsgjevar ser ikkje eit politisk årsmøte som offentlig verv der det er lovbestemt møteplikt. Eit offentlig verv/oppdrag er eit verv ein ikkje kan reservere seg mot, det er frivillig å vere med i politiske parti. Denne permisjonssøknaden ser vi på som ein vanleg velferdspermisjon, og har difor vurdert den opp mot den totale driftssituasjonen på skulen den aktuelle dagen. Med den bakgrunnen har ein funne å måtte avslå søknaden då det var så pass mange andre vekke at det ville gå ut over elevane.

Arbeidsgjevar vil hevde at vi har fulgt dei vanlege reglane i arbeidslivet når det gjeld permisjonssøknaden. Askvik fekk eit munnleg avslag same dag han leverte søknad, fulgt opp skriftleg same dag.

Denne aktuelle dagen vart det òg arrangert sensorkurs i HAFS-regionen. Til saman deltok 10 lærarar frå Hyllestad. Bakgrunnen for at så mange deltok i år er reviderte eksamensreglar for lokalt gitte ekseman (munleg eksamen), samt at det er fleire nye lærarar på skulen/HAFS-regionen. I fjor var dei ikkje så mange som reiste, men åra før har talet lagt rundt nivå i 2014. Skuleleiinga har teke opp spørsmål om kvifor Askvik ikkje meldte seg på dette kurset, men ønskte å prioritere private gjeremål. Det har ikkje frå skulen si side vore sagt at Askvik automatisk ville få undervisningsfri for å delta på kurset. Ved ei ev. påmelding ville ein måtte ta ei konkret vurdering om kven som skulle reise, og kven som måtte vere igjen på skulen for å oppretthalde drifta.

Hyllestad kommune ser det som ei generell styrking av kompetansen til tilsette at fleire er aktive i samfunnsdeltakinga og det politiske liv. I utgangspunktet er ein positiv til slik deltaking, men drifta av skulen kjem i første rekkje. Det ber ein om forståing for.

Med helsing

Elin Garnes Solås
Kontor- og personalsjef

Telefon: 57789504

07.03.2014

i 09/14

Til

07.03.03

Sekom

Avs:

Morten Askvik

Lokallagsleiar og gruppeleier Hyllestad SP

Kopi til:

-Kontrollutvalet i Hyllestad

-Utvallsleiar Håkon Giil

Sak: Permisjonsnekt i samband med årsmøtet i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Fredag 28.02.14 til laurdag 01.03.14 var der årsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane.

Eg er lokallagsleiar i partiet og gruppeleiar for partigruppa i kommunestyret. I tillegg er eg medlem i formannskapet. Dei to første verva er særskild viktig i forhold til kven som har løyve til å møte på årsmøtet i SP i S&F.

Litt om bakgrunnen. Eg har meld ifrå om tidspunktet for årsmøtet i god tid til skuleleiinga. Permisjonssøknaden vart sendt når innkallinga kom, og i god tid i høve praksisen til kommunen. Søknaden var levert i veke 7. Framgangsmåten er i tråd med reglementet og avtaler med nærmaste overordna.

Eg fekk munnleg vite at søknaden var avslått.

Avslaget var grunngjeve med tungtvegande driftsgrunner denne dagen.

Det var eit normalt tal tilsette på jobb denne dagen. Med det meiner eg at det var ikkje sjukdom eller velferdspermisjonar utover det normale.

Då vert det naturleg å sjå på korleis drifta vart lagt opp den dagen, og kva som vart prioritert sidan avslaget vart grunngjeve med «tungtvegande driftsgrunner».

07.03.2014

10 tilsette vart sendt på felles sensoropplæring i Hafs den dagen. Det mest vanlege talet dei siste åra har vore mellom 2-4. Etter min erfaring ville det lett vore mogleg å gjennomføre eksamen og ha sensorar til andre kommunar med ni på kurs, i staden for ti.

Eg tok kontakt med Jan Olav Gjerde, ordførar i Hyllestad. Ordføraren var klar på at det var å reise. Eg fekk godkjenning av ordførar til å ta del i møtet, altså permisjon. Derfor var det skuffande at eg fann eit skriftleg avslag på søknaden frå administrasjonen den 24.02.14.

Eg stilte spørsmål til administrasjonen om det var rett, og fekk endeleg svar den 26.02.14 på ettermiddagen.

Då får eg vite at rådmann og skule har hatt møte den dagen kor dei konkluderte med at det ikkje vart gitt permisjon.

Det er eit anna moment som er verdt å merkje seg. Ettersom eg rekna med å vere på årsmøtet den 28.02, så melde eg meg ikkje til sensorkurset. Eg har fått informasjon frå skuleleiinga om at dersom eg hadde meldt meg til sensorkurset, hadde det vore sjølvsagt at eg skulle få permisjon til å ta del på kurset. Dermed er det ikkje noko med min person som gjer det avgjerande for drifta på skulen at eg vart på skulen den dagen.

Eg stiller meg undrande til saksgangen og avslaget på permisjonssøknaden med den grunngjevinga som vart gitt.

Med helsing



Morten Askvik

Fra: Alme Audhild Ragni Vie
Sendt: 24.03.2014
Til: Hyllestad Postmottak
Kopi: Nesse Bente;Gjerde Jan Olav
Emne: Brev oversendt frå kontrollutvalet i Hyllestad til ordførar/rådmann for uttale

Hei,
Kontrollutvalet i Hyllestad gjorde følgjande vedtak i sak 02/14 Skriv og meldingar:
SM 07-14 Brev datert 7.3.2014 frå Morten Askvik vert oversendt til ordførar/rådmann for mogleg uttale før eventuell handsaming i kontrollutvalet på prinsipielt grunnlag.

Brevet frå Morten Askvik følgjer som vedlegg. Ber om at uttale frå ordførar/rådmann vert sendt til kontrollutvalet i Hyllestad via SEKOM-sekretariatet innan 15.4.2014.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat
Mobil: +47 97170064
audhild.ragni.vie.alme@sekom.no<mailto:audhild.ragni.vie.alme@sekom.no>
Hafstadvegen 42
Postboks 338
6802 Førde

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hyllestad kontrollutval	Møtedato 26.09.2014	Saksnr 020/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1413	Arkivsaknr.: 14/155
---	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar følgjande forvaltningsrevisjon: Sakshandsaming, vedtak og svargjeving.

1. Revisjonen vert avgrensa til enkeltvedtak innan tekniske tenester.
2. Følgjer kommunen forvaltningslova og offentleglova?
 - Er sakshandsaming, vedtak og svargjeving i tråd med gjeldande regelverk?
 - Vert vedtak og svar forma på ein måte som gjer dei klare og enkle å forstå?
3. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på neste møte i kontrollutvalet den 11. desember.
4. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2014.

...

Saksutgreiing:

Tenesteanalyse av pleie og omsorg er no handsama av kommunestyret i Hyllestad. I denne saka, legg sekretariatet opp til val av nytt prosjekt. Dette blir truleg det siste innan forvaltningsrevisjon som blir ferdig i det noverande kontrollutvalet si funksjonstid.

SEKOM-sekretariat legg opp til at denne saka kan gi nok avgrensingar til at det kan vere ei tinging til Kryss revisjon. I så fall, kan dei lage prosjektplan som kan handsamast på neste møte.

I plan for forvaltningsrevisjon er prioriteringa slik:

KOMM-030/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Hyllestad kommunestyre godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Hyllestad kommune for perioden 2013 – 2016.
2. Planen har i utgangspunkt følgjande prioritering av prosjekt:
 1. Totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal.
 2. Organisering av tenestene – sakshandsaminga, vedtak og svargjeving.
 3. Sjukefråværet – Status, rutinar og oppfølging av desse.
 4. Vurder bemanning og ressursbruk på ulike tenesteområde.
 3. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endreprioritering i perioden.
4. Ein berekraftig kommune.

Berekraftig er her tenkt som at kommunen har ein stor befolkning og eit næringsliv som er stort nok som finansieringsgrunnlag for kommunens aktivitetar.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som:

Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Det er altså «Organisering av tenestene – sakshandsaminga, vedtak og svargjeving» som står for tur etter planen. Kontrollutvalet har fått fullmakt både til å legge til nye prosjekt og til å endre prioritering av prosjekt. Sekretariatet er ikkje kjende med særlege grunnar til å endre prioritering av prosjekta. Tilrådinga er såleis at kontrollutvalet vel det planlagde prosjektet som forvaltningsrevisjon.

Nedanfor er klipp frå overordna analyse som var bakgrunnsmateriale til plan for forvaltningsrevisjon. Sekretariatet reknar med at dette gir retning for problemstillingar og avgrensingar i prosjektet.

Organisering av tenestene	Er det samanheng mellom korleis ei teneste er organisert, effektiviteten/produktiviteten i dette - vurdere om 'samansette forvaltningsmråder' i ulike einingar fungerer på tilfredsstillande vis	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei rasjonell, effektiv og produktiv drift	Måloppnåing
Sakshandsaminga, Vedtak, svargjeving	Etterlevelseskontroll av forvaltningslova og offentleglova sine bestemmelsar Etterleving av regelverket Responstid på henvendingar til kommunen Kjem saker opp på rett vis, etterlever ein formal-krava i forvaltningslova og offentleglova Sjå etter at det ligg føre innkallingspapirer og skriftleg sakshandsaming med møteprotokollar Informasjonsflyt til overordna organ Blir vedtak iverksett på rett vis	Kvalitetsheving og læringsverdi for forvaltningsapparatet i kommunen	Effektivitet og Produktivitet Måloppnåing

Organisering og sakshandsaming er eit svært breitt prosjekt i forvaltningsrevisjon. Etter sekretariatet si vurdering, er dette på mange måtar 2 ulike prosjekt:

- Organisering av tenestene
- Sakshandsaming og vedtak

Det revisjonsarbeidet som vert gjort knytt til organisering har truleg lite overføringseffekt til sakshandsaming (og omvendt).

Sekretariatet meiner det er ønskjeleg å sikre at prosjektrapport vert handsama før valperioden går ut. Dette gir truleg det beste grunnlaget for handsaming av rapporten både i kontrollutval og kommunestyre. For å sikre dette, kan det vere ønskjeleg å avgrense prosjektet tydeleg og ikkje for breitt, slik at rapporten ligg føre i første halvår 2015.

Førre prosjekt gjekk på «Totalgjennomgang av pleie og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal». Rapporten frå dette prosjektet låg føre til kontrollutvalet sitt møte den 21. mars 2014. Her samanlikna ein mellom anna organisering av tenestene med andre kommunar innanfor eit av dei største tenesteområda. Det kan difor vere naturleg at utvalet no tingar eit prosjekt som rettar seg meir mot sakshandsaming enn organisering.

Dersom ein deler opp prosjektet til å handle om sakshandsaming og vedtak, kan kontrollutvalet og revisor dra nytte av liknande prosjekt i andre kommunar. Døme på liknande prosjekt i andre av dei kommunane SEKOM-sekretariat dekkjer:

Flora:

Prosjektnamn
«Sakshandsaming, vedtak og svargjeving» i Flora kommune
Avgrensing av undersøkinga
Kontrollen skal avgrensast til å gjelde open omsorg i Flora kommune i år 2013.
Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet
Etterlever Flora kommune regelverk for: • Sakshandsaming • Innhald i vedtak, er vedtaka lett å forstå. • Overheld kommunen svarfristar etter gjeldande lover og reglar.

Førde:

Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av din sak. 1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester 2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova 3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande <u>regeleverk</u> Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015.

Sekretariatet tilrår ei problemstilling med nokre underpunkt som utgangspunkt for revisor sitt arbeid:

Følgjer kommunen forvaltningslova og offentleglova?

- Er sakshandsaming, vedtak og svargjeving i tråd med gjeldande regelverk?
- Vert vedtak og svar forma på ein måte som gjer dei klare og enkle å forstå?

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hyllestad kontrollutval	Møtedato 26.09.2014	Saksnr 021/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1413	Arkivsaknr.: 14/175
---	-------------------------------------	-------------------------------

Reglement for kontrollutvalet

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.08.2014	Hyllestad val av kontrollutval 2011	284
08.08.2014	Hyllestad kontrollutval reglement vedteke 2007	269
12.08.2014	Framlegg til reglement for Hyllestad kontrollutval	286

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Framlegg til reglement for Hyllestad kontrollutval datert 18.9.14, vert vedteke.

...

Saksutgreiing:

Hyllestad kommune sitt reglement for kontrollutval er frå 2007. Reglementet er ikkje oppdatert etter endringar i kommunelova forskrift om kontrollutval. Dei sentrale lover og forskrifter er gjeldande når det ikkje er samsvar mellom desse og lokale reglement. Det er heller ikkje oppdatert etter endringar i samband med val av kontrollutval hausten 2011.

Kommunelova § 77:

1. Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg til å forestå det løpende tilsyn med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning på sine vegne. Utvalget skal ha minst tre medlemmer. Kommunestyret og fylkestinget velger selv medlemmer og varamedlemmer til utvalget, og blant medlemmene leder og nestleder. Minst ett av utvalgets medlemmer skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer. Utvalgets leder har møte- og talerett i kommunestyret og fylkestinget når utvalgets saker behandles.
2. Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.
3. Kommunestyret og fylkestinget kan når som helst foreta nyvalg av utvalgets medlemmer.
4. Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av

økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

5. Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

6. Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. Før en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse.

7. Kontrollutvalget kan hos kommunen eller fylkeskommunen, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for å gjennomføre oppgavene.

8. Kommunens og fylkeskommunens revisor har møte- og talerett i kontrollutvalgets møter.

9. Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalget.

10. Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om kontrollutvalgets oppgaver og saksbehandling mv.

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner er lagt ved.

I 2011 og 2012, gjorde mange av kommunane vedtak om nye reglement for kontrollutvala. Disse var laga etter same mal og med nokså små innbyrdes ulikskapar. Sekretariatet har nytta same malen for framlegget til reglement for Hyllestad kontrollutval.

I det noverande reglementet er det bestemt at utvalet skal ha 3 medlemar. Ved valet hausten 2011, endra kommunestyret dette til 5 faste medlemar og 2 varamedlemar. Sekretariatet tek utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak i 2011 i framlegget no.

Under sakshandsaming er det bestemt at kontrollutvalet skal halde møte for lukka dører om anna ikkje er bestemt. Endringar i kommunelova gjer at det no er prinsippet om offentlege møte som skal vere hovudregelen også for kontrollutval.



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Hyllestad kommunestyre	10.11.2011	064/11	TRH

Saksansvarleg:
Elin Garnes Solås

Arkiv
K1-033

Arkivsaknr.
11/588

Val av kontrollutval

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vel følgjande representantar til kontrollutvalet:

- 1) Som leiar vert vald
- 2) Som nestleiar vert vald
- 3) Som medlem vert vald
- Vara 1)
- Vara 2)

06.10.2011 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

Framlegg frå Rita Ørnehaug:

Kontrollutvalet vert utvida til 5 medlemar. Sylvia Helms er nestleiarkandidat og Stein Arne Solheim kandidat som medlem. Turid Janka Langedal og Frank Høgmo er kandidatar som varamedlem.

Framlegg frå Håkon Giil:

Morten Askvik leiarkandidat.

Framlegg frå Håkon Giil/Amund Soltveit:

Kari Hilde Ulvik er kandidat som medlem.

Framlegg frå Geir H. Nordstrand:

Øyvind Høie er kandidat som medlem.

KOMM-048/11 VEDTAK:

Kommunestyret gjorde slikt samrøystes vedtak:

- 1) Som leiar vert vald Morten Askvik
 - 2) Som nestleiar vert vald Sylvia Helms.
 - 3) Som medleamar vert vald Stein Arne Solheim, Øyvind Høie og Kari Hilde Ulvik.
- Vara 1) Turid Janka Langedal.
Vara 2) Frank Høgmo.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	I	17.10.2011	Tveit Asgeir	Kommunale utval

AKTUELLE LOVER, FØRESEGNER, AVTALAR M.M.:

Kommunelova § 77.

KVA SAKA GJELD:

Val av kontrollutval 2011 – 2015.

SAKSUTGREIING:

Kontrollutvalet skal ha tre medlemmer med vara. Det skal veljast leiar og nestleiar. Valet føregår som forholdstalsval dersom minst ein kommunestyremedlem krev det, eller etter samrøystes vedtak om avtaleval; jf. val av formannskap.

"Kommunelova § 77. Kontrollutvalget

1. Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg til å forestå det løpende tilsyn med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning på sine vegne. Utvalget skal ha minst tre medlemmer. Kommunestyret og fylkestinget velger selv medlemmer og varamedlemmer til utvalget, og blant medlemmene leder og nestleder. Minst ett av utvalgets medlemmer skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer. Utvalgets leder har møte- og talerett i kommunestyret og fylkestinget når utvalgets saker behandles.

2. Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.

3. Kommunestyret og fylkestinget kan når som helst foreta nyvalg av utvalgets medlemmer.

4. Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

5. Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

6. Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. Før en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse.

7. Kontrollutvalget kan hos kommunen eller fylkeskommunen, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for å gjennomføre oppgavene.

8. Kontrollutvalgets møter holdes for lukkede dører dersom ikke utvalget selv har bestemt noe annet. Dersom møtet holdes for åpne dører, skal dørene likevel lukkes dersom utvalget skal behandle opplysninger som er underlagt lovbestemt taushetsplikt. § 31 nr. 3 gjelder tilsvarende.

9. Kommunens og fylkeskommunens revisor har møte- og talerett i kontrollutvalgets møter.

10. Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalget.

11. Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om kontrollutvalgets oppgaver og saksbehandling mv.

Tilføyd ved lov 12 des 2003 nr. 113 (ikr. 1 juli 2004, nr. 1 tredje punktum 1 nov 2007 iflg. res. 18 juni 2004 nr. 915), endret ved lov 14 jan 2011 nr. 1 (ikr. 1 juli 2011, etter res. 14 jan 2011 nr. 38)".

Noverande kontrollutval har følgjande medlemer:

Jan Olav Gjerde, leiar

Frode Akse

Connie Hovland

Martha Systad Iden (vara)

Steinar Urnes (vara)

Martha Systad Iden har skriftleg meddelt at ho ikkje tek attval

Nye opplysningar i saka

Saksutgreiing:

Det er slik at kommunalt tilsette ikkje kan vere med i kontrollutvalet, og helst ikkje i andre utval heller. Mellom anna SEKOM-sekretariatet v/Asgeir Tveit har peikt på at Hyllestad kommune må gjere nytt val for kontrollutvalet. Han viser til §77.2 i kommunelova.

Desse er ikkje valbare til kontrollutvalet:

- Leiar Morten Askvik er fast tilsett som lærar ved skulen og vara til formannskapet.
- Vara Turid Janka Langedal er fast tilsett som lærar ved skulen.
- Sylvia Helms er valt til representant til samarbeidsutvalet og opptaksnemnda til dei kommunale barnehagene. Ho må enten ut av kontrollutvalet eller ut av sine barnehageoppgåver.

Dei andre medlemene må sjekkast opp mot andre utval ein vel, slik at ein ikkje kjem opp i ei konfliktsituasjon.

Vurdering:

Kommunestyret må velje nytt kontrollutval på bakgrunn av dei innspela som er komne. Vala må vere i samsvar med KommuneLova §77.2.

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vel følgjande representantar til kontrollutvalet:

- 1) Som leiar vert vald.....
- 2) Som nestleiar vert vald.....
- 3) Som medlem vert vald.....
- 4) Som medlem vert vald.....
- 5) Som medlem vert vald.....
- Vara 1).....
- Vara 2).....

064/11: Val av kontrollutval

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vel følgjande representantar til kontrollutvalet:

- 1) Som leiar vert vald.....
- 2) Som nestleiar vert vald.....
- 3) Som medlem vert vald.....
- 4) Som medlem vert vald.....
- 5) Som medlem vert vald.....
- Vara 1).....
- Vara 2).....

10.11.2011 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

Frå valnemnda kom det slikt framlegg:

- 1) Som leiar vert vald Håkon S. Giil
- 2) Som nestleiar vert vald Sylvia Helms
- 3) Som medlem vert vald Stein Arne Solheim
- 4) Som medlem vert vald Øyvind Høie
- 5) Som medlem vert vald Reidun Skår
- Vara 1) Monica Ekreskar
- Vara 2) Frank Høgmo

Håkon S. Giil hadde søkt om fritak frå vervet som 2. vara til formannskapet frå Senterpartiet.

Senterpartiet fremja Morten Askvik som kandidat til å overta plassen etter Håkon S. Giil. I tillegg kom Senterpartiet med framlegg på Espen Berge som 3. vara for SP.

KOMM-064/11 VEDTAK:

- 1) Som leiar vert vald Håkon S. Giil
- 2) Som nestleiar vert vald Sylvia Helms

- 3) Som medlem vert vald Stein Arne Solheim
- 4) Som medlem vert vald Øyvind Høie
- 5) Som medlem vert vald Reidun Skår
- Vara 1) Monica Ekreskar
- Vara 2) Frank Høgmo

Håkon S. Giil sin søknad om fritak frå 2. vara til formannskapet vart godkjend.
Morten Askvik overtek 2. varaplass i formannskapet, medan Espen Berge veljast som 3. vara til formannskapet for SP.

008/06: REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 02.11.2006

07/907-2
ark. 033 - 800

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.11.2006	008/06	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Melding til
Part i saka:
Andre

Saksvedlegg

- Forslag til reglement for kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.
Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Reglementet for kontrollutvalet vert godkjent.

Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret:

Med dei endringar som vart gjort i møtet tilrår kontrollutvalet at reglementet vert godkjent.

Saksutgreiing

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Innføring av reglement for kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

SEKOM-sekretariat har utarbeidd eit forslag til reglement for kontrollutvalet i Hyllestad kommune. Forslaget er ei lokal tilpassing av eit reglement nytta i ein annan kommune i Noreg. I utgangspunktet er det kommunelova og forskrift for kontrollutval i kommunar som regulerer kontrollutvalet sitt arbeid og tilhøvet mellom kontrollutvalet og kommunestyret. Eit tilleggsreglement for kontrollutvalet er meint å utdjupe punkt i desse nærmare. I tillegg er det lagt inn nokre tilleggspunkt som skal klargjere ansvaret på område som ikkje er nemnde i kommunelova eller forskrift for kontrollutval i kommunar.

Det er kommunestyret som må ta endeleg avgjer i saka, og reglementet vil ikkje bli teke i bruk før kommunestyret har gjort vedtak om at reglementet vert godkjent.

Sekretariatet sine vurderingar:

Vi synest det er fornuftig å få på plass eit reglement som klargjer kontrollutvalet sitt ansvarsområde, og som klargjer tilhøvet mellom kontrollutval og kommunestyre. Vi synest reglementet utfyller det gjeldande lovverket på ein god måte.

Reglement for kontrollutvalet i Hyllestad kommune

§ 1 Virkeområde

Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vedteken av Kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004, gjeld i sin heilskap for kontrollutvalet sitt virke

§ 2 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret føra løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga, herunder påsjå at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal mellom anna syte for at det vert utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

§ 3 Målsetnad

Kontrollutvalet skal sikra den allmenne tillit til at dei kommunale oppgåver vert ivareteke på best mogeleg vis ved å mellom anna påsjå at :

- Kommunen brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
- Ressursbruken og verkemiddela til kommunen er effektive i høve til dei mål som er sett på området.
- Lov- og regelverk vert etterlevd i den kommunale forvaltninga
- Styringsverktøyet og verkemiddela til kommunen er føremålstenelege.
- Resultata i tenesteproduksjonen er i samsvar med kommunestyret sine føresetnader.
- Kommunen sitt årsrekneskap, særrekneskap og prosjektrekneskap vert revidert på ein trygg måte

§ 4 Val- og samansetting

Kontrollutvalet skal ha tre medlemmer. Frå komande kommunestyreval (01.11.2007) skal minst eit av medlemmene veljast frå kommunestyret sine medlemmer.

Kommunestyret vel medlemmer til kontrollutvalet. Dei vel og kven som skal vere leiar og nestleiar.

Kontrollutvalet bør veljast som fyrste val etter formannskapet.

Kommunestyret kan til ei kvar tid velja nytt utval. Ved utskifting av eit eller fleire medlemmer av utvalet, skal det formelt gjerast nyval av alle medlemmer.

§ 5 Sakshandsaming

Dersom utvalet sjølv ikkje har vedteke noko anna, skal møta haldast for lukka dører. Det er ikkje høve til telefonmøte eller liknande.

Framlegg til vedtak som vert fremja av medlemmer under utvalet sine møter skal vere skriftlege.

Innkalling til møte vert å sende til utvalet sine medlemmer, varamedlemmer, ordførar, adm.sjef og oppdragsansvarleg revisor. Desse har og krav på møteprotokoll.

§ 6 Kontrollutvalet sine oppgaver

- Kontrollutvalet avgjer saker som gjeld utvalet sitt ansvarsområde(mynde) og oppgaver etter kommunelova kap. 12, forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval så lenge desse reglane ikkje legg avgjerslemynde til kommunestyret. Kontrollutvalet gjev innstilling til kommunestyret i dei saker som kommunestyret skal slutthandsame. Dette gjeld årsmelding frå kontrollutvalet, forvaltningsrevisjonsrapportar og andre rapportar. I rekneskapssaker gjev kontrollutvalet uttale. I slike saker gjer kommunestyret vedtak når revisjonsmelding og uttale frå kontrollutval føreligg etter innstilling frå formannskap.
- Kontrollutvalet skal påsjå at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. For å utføre dette tilsynsarbeidet er det naudsynt at revisjonen legg fram planar for sitt revisjonsarbeid i Hyllestad kommune. Desse planane må fremjast for utvalet til handsaming. Vesentlege avvik skal oppdragsansvarleg revisor rapportere direkte til utvalet. Sekretariatet vil i båd høve vera sakshandsamar.
- Kontrollutvalet gjev innstilling direkte til kommunestyret i saker som gjeld val av revisjonsordning og val av revisor.
- Utgifter som gjeld tilsyn og kontroll skal skiljast ut som eigne postar, ein for revisjonshonorar, ein for sekretariathonorar og ein for drift av kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal også utarbeide forslag til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet, jfr §18 i forskrift om kontrollutval i kommunar.

§ 7 Bruk av sakkyndig hjelp

Når ein situasjon krev det kan Kontrollutvalet hente inn sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariat og revisjon. Utvalet har og mynde til å samarbeide med politiet i etterforskinga av konkrete saker.

§ 8 Iverksetting

Reglementet tek til å gjelde frå den dato det er vedteke av kommunestyret.

Dato: 18.09.2014
Vår referanse: 14/260
Arkiv: FE-033, Komnr-1413

Framlegg til reglement for Hyllestad kontrollutval

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørgje for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Hyllestad kommune, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemer. Det skal velgjast minst 2 varamedlemer. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf kommunelova § 17.

Ved val av medlemer og varamedlemer skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemer og varamedlemer med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemmane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller

bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jf kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørgje for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje uttale til årsrekneskapa for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggst fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørgje for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørgje for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til kommunestyret.

Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemer.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggest til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemmane, varamedlemmane, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse, telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemmar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som Hyllestad kommune eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal kunne evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hyllestad kontrollutval	Møtedato 26.09.2014	Saksnr 022/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-150, Komnr-1413	Arkivsaknr.: 14/212
---	-------------------------------------	-------------------------------

Budsjett for kontrollutvalet 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår slikt budsjett for drift av kontrollutval:

Post	Tekst	B2014 (KU)	B2015
10800	Godtgjersle folkevalde	15000	15000
10990	Arbeidsgjevaravgift	900	900
11500	Opplæring/kurs/seminar	10000	12000
11600	Skyss- og diettgodtgjersle	1000	1000
11959	Kontingentar	1100	1100
Sum		28000	30000

...

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet skal lage framlegg til budsjett for utvalet sitt arbeid. Sekretariatet sitt framlegg er på om lag same nivå som det kontrollutvalet tilrådde for 2014.

I 2014, var det budsjettert med kr 10.000 til opplæring, kurs og seminar. Sekretariatet meiner dette er svært knapt. Det bør vere rom for at minst ein kan delta på seminar i Forum for kontroll og tilsyn. I tillegg, bør det vere rom for deltaking på eventuelle lokale opplegg i fylket. Sekretariatet rår til ein auke av posten til 12.000,- og viser til at også det er eit knapt budsjett.

Når det gjeld godtgjersle til folkevalde, viser vi til utgreiing frå budsjettsaka i fjor. Sekretariatet har kontakta Hyllestad kommune som stadfestar at same vedtak gjeld framleis:

For kontrollutvalet i Hyllestad gjeld følgjande satsar for godtgjersle:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ*
- Tapt arbeidsforteneste:*
 - Ulegitimert inntil fire timar kr. 500,- og over fire timar kr. 1000,- .*
 - Legitimert inntil kr. 2.700 etter dokumentasjon.*
- Møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar kr. 0,- + møtegodtgjersle kr. 0,- pr. møte.*
- Møtegodtgjersle medlemmer i kontrollutvalet kr. 0,- pr. møte.*

Det vart i kommunestyresak 067/09 "Godtgjersle til folkevalde 2010" vedteke at det ikkje skal betalast møtegodtgjersle for folkevalde i 2010 og 2011, men at kontrollutvalsleiar skal ha kr. 10.000,- i årleg godtgjersle. I same sak vart satsane for tapt arbeidsforteneste endra.

For revisjon og sekretariat er det styret i selskapa som vedtek budsjett og rekneskap. Dette er såleis ikkje med i denne saka.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hyllestad kontrollutval	Møtedato 26.09.2014	Saksnr 023/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1413	Arkivsaknr.: 14/140
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 3 - 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	17.11.09	17.11.09: Vedtak KU: - Orientering frå adm om einingane. - Tertialrapportar som SM. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som SM. - Kvalitetsrapportar revisor. - Orientering frå revisor om revisjon generelt og om status i revisjonsarbeidet 1 – 2 g. i året.
Påminning til seinare revisjonsprosjekt.	16.12.13	Budsjett som styringsverktøy er teke ut av sak 18/13, og vert søkt ivareteke ved seinare revisjonsprosjekt.
03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Hyllestad.	21.3.2014	Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Hyllestad for 2014 vert godkjent med følgjande vidare datoar: 6. mai, 26. september og 11. desember.
04/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Hyllestad.	21.3.2014	Vedtak: Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Hyllestad vert godkjent. 24.3.2014 Sendt til Hyllestad kommune v/kommunestyret 26.6.2014 Godkjent i kommunestyret som ein del av den samla saka om rekneskap og årsmelding
07/14 Revisjonsrapport – Tenesteanalyse av pleie og omsorg.	21.3.2014	Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret: Kontrollutvalet ser revisjonsrapporten – Tenesteanalyse av pleie og omsorg i Hyllestad kommune – som eit godt grunnlag for politisk og administrativ handsaming, og eit viktig grunnlagsdokument ved planlegging, budsjettering og

		oppfølging av pleie- og omsorgssektoren i Hyllestad. 24.3.2014 Sendt til Hyllestad kommune v/kommunestyret 26.6.2014 KU si tilråding vedteken av kommunestyret
11/14 Skriv og meldingar	06.05.2014	Vedtak: Kontrollutvalet ynskjer at SEKOM-sekretariat melder kontrollutvalet i Hyllestad inn som medlem i FKT. Skriv og meldingar vert elles teke til vitande. 07.05.2014 sendt innmelding til FKT
12/14 Forvaltning av personalreglement i Hyllestad kommune	06.05.2014	Vedtak: 1. Kontrollutvalet viser til at ein med grunnlag i det generelle regelverket administrativt har avslege ein søknad frå tilsett om tenestefri slik at ein som gruppeleiar og leiar i eit lokalt politisk parti ved eitt høve ikkje har kunna møte og ta del i partipolitisk arbeid på fylkesnivå. 2. Kontrollutvalet legg til grunn at denne konkrete saka er formelt avslutta, men etter omstenda bør søknaden vurderast prinsipielt og då i eit vidare perspektiv. 3. Retten til demokratisk deltaking i ein organisasjon er ein vedteken menneskerett, og politiske parti er eksplisitt nemnd i grunnlova som ein del av vårt demokratiske styresett. Gjennom nektinga av tenestefri er vedkommande gruppeleiar og lokallagsleiar hindra i å gjere bruk av denne demokratiske retten. 4. Kontrollutvalet legg til grunn at Hyllestad kommune har ein nedervd praksis, ein sedvane med å gje tenestefri i høve som nemnt i punkt ein og tre, som i alle høve kan fylgjast tilbake til 1981. Kontrollutvalet finn det godtgjort at dette i utgangspunktet er ein sedvane som har vore uformelt politisk klarert og deretter har nedfelt seg i forvaltninga i meir enn 30 år. 5. Kontrollutvalet føreset at ein politisk sedvane ikkje kan eller bør endrast gjennom eit administrativt vedtak. 6.5.2014 sendt Hyllestad kommune/kommunestyret 18.9.2014 saka vert sett opp som ny sak til kontrollutvalet sitt møte 26.9.14 med utgreiing og tilråding frå leiaren.
13/14 Prosjektrekneskap og sluttrapport prosjektnr 1915 Vassleidning Skivika-Leirvik	06.05.2014	Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret: Det vert vist til revisjonsmelding datert 07.04.2014, og sluttrekneskap for investeringsprosjekt Vassleidning Skivika-Lerivik vert godkjent slik han ligg føre, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket. 6.5.2014 sendt Hyllestad kommune/kommunestyret 26.6.2014 Godkjent av kommunestyret
14/14 Rekneskap og årsmelding 2013 – Hyllestad kommune	06.05.2014	Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret: Kontrollutvalet viser til fråsegn om årsrekneskapen 2013 for Hyllestad kommune datert 6.5.2014, der rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. 6.5.2014 sendt Hyllestad kommune/kommunestyret 26.6.2014 Godkjent av kommunestyret

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hyllestad kontrollutval	Møtedato 26.09.2014	Saksnr 024/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/161
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).